



**Vedtekter for Hardanger Kor-Akademi,**  
stifta som Hardangerkoret 29.april 2008  
og endra namn til Hardanger Kor-Akademi på årsmøtet 21.januar 2023

\*\*\*\*

**Målsetjing:**

Hardanger Kor-Akademi skal vere eit korakademi for songarar og dirigentar frå Hardangerregionen og omland. Hardanger Kor-Akademi skal vere eit akademi der både dirigentar og vanlege songarar saman kan hente lærdom som dei kan ta med attende til lokalmiljøa sine og dele med lokale kor og songarar der. Hardanger Kor-Akademi vil spreie songglede og ivareta songtradisjon, inspirere til vidare arbeid lokalt og til samarbeid regionalt. Hardanger Kor-Akademi vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.

\*\*\*\*\*

**Øvingar:**

Hardanger Kor-Akademi har inntil 5 prosjektsamlingar per semester. Samlingane alternerer i Hardangerregionen og omland. Det vert ført frammøteprotokoll og koristane melder aktivt frå om frammøte og fråvær i forkant av prosjektsamlingane.

\*\*\*\*\*

**Repertoar:**

Alle medlemmene kan fremja framlegg til repertoar. Korrepertoaret vert fastsett av musikkutvalet, der dirigenten er leiar. Musikkutvalet har 3 medlemmer: kormedlem, styreleiar og dirigent. Representanten frå koret vert valt på årsmøtet for 1 år .

\*\*\*\*\*

**Dirigent:**

Hovudinstruktøren for Hardanger Kor-Akademi vert henta eksternt. Fast instruktør og dirigent sidan oppstart hausten 2009 har vore Per Oddvar Hildre.

**Dirigent/korturar:**

På turar der Hardanger Kor-Akademi treng dirigent, betaler korakademiet utgiftene for dirigenten. På andre turar/utflukter der det ikkje er naudsynt med dirigent, stiller dirigenten på likefot med medlemmene, betaler turen sjølv, eller korakademiet betaler turen for alle

\*\*\*\*\*

**Kontingent:**

Kontingenten for komande år, skal betalast seinast i februar-mars. Årsmøtet vedtek årskontingenten.

\*\*\*\*\*

**Kormidlane:**

Kormidlane skal disponerast av styret til Hardanger Kor-Akademi sitt beste. Dersom Hardanger Kor-Akademi vert oppløyst, skal disponible midlar stå på ein sperra konto og berre nyttast til etablering og drift av nytt korakademi i regionen. Etter 10 år kan

midlane også fordelast på kora som hadde medlemmer i Hardanger Kor-Akademi ved avviklinga.

\*\*\*\*\*

**Revisor:** Årsmøtet vel revisor for 1 år.

\*\*\*\*\*

**Styret:**

Val av styre skjer på Hardanger Kor-Akademi sitt årsmøte, Årsmøtet vert halde innan utgongen av mars.

Styret har 5 valde medlemmer (Leiar, nestleiar, skrivar, styremedlem(mer) og kasserar - dersom denne funksjonen ikkje er delegert ut av styret) og 2 varamedlemmer.

Leiar vert vald for 1 år.

Halvparten av styret elles vert vald kvart år, slik at 2 styremedlemmer står på val kvart år. Styremedlemmene vert valde for 2 år, varamedlemmene for 1 år.

Årsmøtet vel leiar. Styret konstituerer seg elles sjølv.

\*\*\*\*\*

Styret har møte etter behov. Styrereferata er tilgjengelege for kormedlemmene.